


Innleiing

Det området som samane kallar Sápmi, dekkjer store areal frå Kola i Nordvest-Russland, over det nordlege Finland, Sverige og Norge og ned til femundstraktene på norsk side og Idre i Härjedalen på svensk. Tidlegare var det samiske busetnads- og bruksområdet enda større. Men framleis er området stort, samstundes som det er tynt og spreitt folkesett, prega som det er av arktiske naturforhold og harde klimatiske vilkår. I samsvar med dei kriteria og kjenneteikna som ILO-konvensjonen byggjer på, er samane utfolk i heile området.

Nordområda er og har frå gammalt vore ein fleirspråkleg region. Såleis er samisk å sjå på som urfolksspråk i regionen. ›Samisk‹ tyder i denne samanhengen dei ulike språka av finsk-ugrisk opphav som har heimvist i dette vidstrekke området. Kartet i denne innleiinga, deler samisk inn i ti språk eller dialektar: sørsamisk, umesamisk, pitesamisk, lulesamisk, nordsamisk, enaresamisk, akkalasamisk, skoltesamisk, kildinsamisk og tersamisk. Etter ein lang og hard assimilasjonsperiode i dei fire nasjonalstatane er fleire av dei samiske språka å sjå på som truga språk. Akkalamisk må reknast som utdøydd no. Nordsamisk er den varietetet som står tryggast. Den blir da også talt av 75–80 % av dei samiske språkbrukarane. Det seier seg sjølv at dokumentasjon av dei varietetane som har færrest språkbrukarar, og særleg dei der barn ikkje lenger lærer språket, er overlag viktig, og at det hastar med å skaffe fram så mykje dokumentasjon som muleg for ettertida. Aktivt arbeid for revitalisering er heldigvis i gang fleire stader i Sápmi. I prinsippet kan vi seie at slik revitalisering går føre seg i heile området. For nordsamisk og også lulesamisk er slike prosessar komne relativt langt og har vist gode resultat. Det er såleis gledeleg at revitaliseringstiltak no er sett i gang også i regionar med sørsamisk, enaresamisk, skoltesamisk og kildinsamisk bakgrunn og historie.

Denne artikkelsamlinga gjev spreidde gløtt inn i den mangslungne språkkvardagen som pregar språksamfunna i nordområda. Dei fleste av artiklane blei opphavleg haldne som foredrag på eit symposium arrangert av Nord-Europa-instituttet på Humboldt-universitetet i Berlin 4.–5. mai 2006. Foredragshaldarane var lingvistar frå Norge, Sverige og Tyskland. Felles for dei alle er ei sterk interesse for samisk språk og samiske språkforhold. Den faglege bakgrunnen deira er likevel ulik. Somme av



dei er fenno-ugristar, andre nordistar og atter andre allmennlingvistar. I tillegg er det med artiklar som er komne til etter symposiet i Berlin, av forfattarar som ikkje var representerte der, men som redaktørane har meint passa inn i ein antologi som denne.

Den ulike bakgrunnen til forfattarane pregar artiklane. Dei fleste har eit overordna språkkontaktperspektiv. Berre to av artiklane dreier seg om samisk per se, Marit Breie Henriksens om fonologiske trekk i den samiske dialekten i altafjordområdet, og Kjell Kemis om analyse av infinitte former i samisk. Ein tredje artikkel, av Michael Rießler og Joshua Wilbur, tar for seg praktiske aspekt ved dokumentasjon av dei truga språka på Kola, og slik sett seier også den noko om Kola-samisk per se. Desse tre artiklane er plasserte under I. Språkbeskriving.

Alle dei andre artiklane har ei eller anna form for sosiolingvistisk eller

språksosiologisk innfallsvinkel. Dei er plasserte under II. Språksosiale forhold og III. Språkkontakt.

I avdelinga Språksosiale forhold finn vi sju artiklar. Anna-Riitta Lindgren skriv om samisk utanfor Sápmi. Som Stockholm vel er den største »samebyen« i Sverige og Oslo den største i Norge, er trulig Helsingfors største »sameby« i Finland. Det er såleis bruken av samisk i Helsingfors som er tema for Lindgrens artikkel. Heiko Marten vurderer juridiske språkkrettar på norsk side i Sápmi i eit fugleperspektiv, idet han jamfører med gælisk i Skotland. Perspektivet hans er primært språkpolitisk. I denne avdelinga er det òg ein artikkel som diskuterer korleis ein best kan kartleggje situasjonen for truga språk. Korleis kan ein måle graden av trussel? Forfattaren, Torkel Rasmussen, kontrasterer her bruken av vitskaplege metodar med journalistiske metodar. Dei fire resterande artiklane i denne avdelinga handlar om revitalisering av ulike samiske språk, sørsamisk, kildinsamisk og nordsamisk. Dei fire artiklane er likevel nokså forskjellige. Inger Johansens er ein kvalitativ analyse av stoda for sørsamisk i dag. Åse Mette Johansen skriv om vilkåra på individnivå, vinst og tap, ved fornorsking og revitalisering. Empirien er frå ei kystsamisk bygd i det nordsamiske området. Elisabeth Schellers artikkel er ein presentasjon av ei spørjeundersøking ho arbeider med for å kartleggje bruken av kildinsamisk på Kola. Den fjerde artikkelen, av Jon Todal, diskuterer faktorar som sjeldan eller aldri blir diskuterte, men som likevel betyr noko for vitalisering eller det motsette.

Artiklane i avdeling III handlar som nemnt om språkkontakt, nærmar bestemt kontakt mellom samisk på den eine sida og nordiske språk på den andre. Tove Bulls artikkel har eit språktypologisk perspektiv, mens Nils Dannemark og Jurij Kusmenko skriv om spesifikke kontaktfenomen i norsk eller nordisk. Kusmenkos artikkel er historisk lingvistisk, mens Dannemark har henta empirien sin frå dagens norske dialekt i Guovdageaidnu/Kautokeino.

Fleire av artiklane tematiserer og diskuterer metodologi. Dels kjem det av at somme artiklar representerer delar av større prosjekt, og somme er »work in progress« der ein enno ikkje kan vise til konkrete forskingsresultat. Den metodologiske orienteringa har trass dette ein eigenverdi. Å vurdere eller evaluere forskingsresultat er ikkje muleg utan at ein samstundes har innsikt i korleis resultatata er oppnådde. Når ein arbeider med

minoritetsspråk, og særleg språk som er under kontinuerleg press frå større regionale eller nasjonale språkvarietetar, er metodisk medvett kritisk viktig. Det er lett å trå feil, og det er lett å tolke feil. Det er ikkje alltid ei enkel sak å få fram god og rett empiri. Som følgje av den lange og strenge assimilasjonspolitikken som alle dei samiske språka blei utsette for, forsvann dei frå det offentlege rommet i store delar av Sápmi. Men det tyder ikkje at dei ikkje blei brukte. I marginale samiske område kunne ein nok tru samisk språk var utdøydd, mens det i ettertid har vist seg at språket snarare var »gått under jorda«; det blei brukt i løynd. Ein skal såleis vere svært varsam med å felle dødsdom over eit språk. I eit slikt perspektiv er det viktig at språkforskaren bruker metodar og arbeider på måtar som gjer at han eller ho får kontakt med det språket som er i bruk »under jorda«; det som lever sitt løynde liv utanfor offentlegheita.

Sápmi er ikkje eitt språksamfunn, men mange. Språkleg heterogenitet kjenneteiknar området, anten ein beskriv dei i eit reint samisk perspektiv eller i eit språkkontaktperspektiv. Men ein kan òg ha eit overordna finsk-ugrisk perspektiv på delar av området, eller eit nordisk/skandinavisk på til dels andre delar og eit slavisk/russisk på atter andre delar. Som dei politiske og sosiale forholda er varierende og skiftane, er også dei språklege det. Og som språkforholda varierer, gjer også dei politisk-sosiale det. Eitt av formåla med denne antologien er å gje eit lite glimt inn i ei fascinerande språkverd som er i kontinuerleg endring.

Vi takkar Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø og Nordeuropa-Institut ved Humboldt-Universität zu Berlin for økonomisk støtte, først til symposiet i Berlin i mai 2006 og deretter til utgjeving av denne antologien.

Tove Bull og Michael Rießler
Berlin, juli 2007